



Tømmerlasting på Børnes i ettermiddag. Transporten skal både til Granvin og Trøndelag.

Spesialbåten Heidi lastar igjen inn eit større tømmerkvantum på Børnes kai og i Vestskog får uskedalen.no opplyst at hogsten auka kraftig i Kvinnheradskogen i fjor. Medan han stoppa på 3060 kubikkmeter i 2012 og 5457 kubikkmeter året etter kom han i 2014 heilt opp i 13 000 kubikkmeter.

Det heng ikkje minst saman med at entreprenøren Eikås Skogsdrift kom inn i biletet med ny maskin og stor kapasitet.

Også innsatsen til Osmund Hjelmeland kan tilskrivast den store auken i kvantumet og han vil engasjere seg enda sterkare framover, opplysar skogbruksleiar Iver Blokkum i Vestskog.

Det er teke ut 3000 kubikkmeter i Valen-området og det skal hoggast 4000 kubikkmeter på Sunde.

Båtlasten som no går frå Børnes i Uskedalen skal først til Granvin med skurtømmer og deretter til Trøndelag med massevirke. Også Tyskland ligg høgt på 'køyreplanen' til Heidi, men altså ikkje i denne omgangen.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen